



TUSSA

Tertialrapport 1 2024



209

Driftsresultat (167)

165

Resultat før skatt (117)

279

Kraftproduksjon GWh (211)

595

Omsetning (487)

4 919

Totalkapital (4 331)

38

Eigenkapitalprosent (34)

Beløp i mill. kroner. Tilsvarende tal
pr. 1. tertial 2023 står i parentes.

Rekneskap pr. 1. tertial 2024

Rekneskapen for 1. tertial 2024 syner eit driftsresultat på 209,3 mill. kr (167,3) og eit resultat før skatt på 165,1 mill. kr (116,6). Omsetninga er 594,8 mill. kr (487,1), totalkapitalen er 4 919,2 mill. kr (4 330,7) og eigenkapitalprosenten er 37,8 (33,6). Netto finans syner eit resultat på -44,2 mill. kr (-50,7). Tilsvarende tal for 1. tertial 2023 står i parentes.

Konsernet har ein auke i driftsresultatet på 42,0 mill. kr samanlikna med tilsvarende periode i 2023. Hovudårsaker til auken er høgare produksjonsvolum som gir betre resultat innanfor kraftproduksjon, og god resultatutvikling innanfor nettverksemda. Tussa IKT og Tussa Kraft viser svakt positiv resultatutvikling samanlikna med 1. tertial 2023, medan Tussa Installasjon har nedgang i resultatet samanlikna med i fjor.

Netto finans viser -44,2 mill. kr for konsernet ved utgangen av tertialet. Dette er 6,5 mill. kr betre enn på same tidspunkt i fjor. Hovudårsaker til betringa i resultatet er lågare valutakostnader i samband med eurolån, og mindre reduksjon i marknadsverdi på euroNOK rentebyteavtale. Rentekostnader på eksterne lån aukar sett i høve til same periode i fjor.

Det er estimert 22 prosent skatt av selskapsresultata ved utgangen av tertialet. I tillegg er det estimert 48,2 mill. kr (35,4) i grunnrenteskatt. Skattekostnaden er 51 prosent av konsernresultatet før skatt, mot 54 prosent i 2023. Resultat etter skatt er 81,0 mill. kr, som er 26,9 mill. kr høgare enn ved 1. tertial 2023.

Totalkapitalen er 588,5 mill. kr høgare enn på same tid i fjor. Auken kjem mellom anna som følge av samanslåinga mellom Tussa og Stranda Energi Holding, og at investeringane har vore høgare enn avskrivningane i perioden.

Investeringane i perioden er på 86,0 mill. kr, fordelt på kraftnett med 50,7 mill. kr, IKT med 21,3 mill. kr, installasjon med 7,4 mill. kr og kraftproduksjon med 6,6 mill. kr.

ENERGI

Kraftproduksjon

Driftsresultatet for kraftproduksjon er 135,2 mill. kr, som er 30 mill. kr betre enn same periode i fjor. Akkumulert kraftproduksjon er 278,7 GWh (210,5 GWh). Dette inkluderer kraftverka som kom inn i porteføljen frå Stranda Energi. Produksjonen ved utgangen av tertialet er om lag 92 prosent av normalproduksjonen for perioden.

Tilsiget hittil i år er 115 prosent (93) av normalt. Ved utgangen av tertialet var magasinfyllinga i Tussa på 11 prosent (25), noko som er litt over normalen for årstida. Vassmagasina i Norden er under normal fyllingsgrad, medan snømengda er litt over det som er vanleg for årstida. Hydrologisk magasin er dermed marginalt negativt. Snøen er noko skeivfordelt, med relativt mykje snø i Sør- og Aust-Noreg, men også nord i Sverige.

Prisane på naturgass er låge samanlikna med dei ekstreme prisane i 2022, medan prisane på klimavotar held seg høge. Marginalprisar for å produsere gasskraft er viktig for prissetjinga i Sentral-Europa, og ligg på om lag 77 øre/kWh for tertialet. Gjennomsnittleg spotpris for NO3 er 58,6 øre/kWh (63). Til samanlikning er systemprisen i perioden 64,2 øre/kWh og prisen i NO1 (Søraust-Noreg) 71,7 øre/kWh. Vi ser at lokal spotpris har vorte betre prisa jamført med systempris og prisområda i sør dette tertialet.

Sør-Brandal kraftverk har hatt høg produksjon i perioden for å tømme magasinet i framkant av damrehabiliteringa som er i gang.

Kraftnett

Tussa eig 32,9 % av det felleskontrollerte føretaket Linja. Tussa sin del av selskapet er difor konsolidert inn i Tussa sin konsernrekneskap.

Rekneskapen viser eit driftsresultat på 65,5 mill. kr (53,0), og eit resultat før skatt på 43,2 mill. kr. (38,6). Resultatet inneheld tal for Linja med tillegg av fusjonen med Tindra Nett som fann stad 3. januar 2024. Grunna fusjonar gjennomført både i 2023 og i 2024 er tala lite samanliknbare. Resultatet er hittil vurdert som under tilfredsstillande, og selskapet vurderer tiltak for å betre den økonomiske situasjonen.

Linja skal gjennomføre eit synergiprogram i perioden 2023 til 2026 med mål om å redusere kostnader med nær 40 mill. kr for selskapet. I takt med gjennomføringa av synergiprogrammet skal også nettleigetariffen i dei to nettområda samordnast.

Kraftnettet er nøkkelen for å leggje til rette for elektrifisering og det grønne skiftet. Linja har eit omfattande investeringsprogram i 2024. Fleire store prosjekt er under utføring, der fornying og utviding av Giskemo transformatorstasjon kan trekkjast fram. Giskemo er eit av dei mest kritiske punkta i Linja sitt nordlege forsyningsområde, og selskapet investerer 200 mill. kr over ei periode på fem år. Eit anna viktig prosjekt er bygging av ny 132 kV forsyning til Florø. Konesjonssøknaden er under utarbeiding, og dette prosjektet har førebels ei ramme på om lag 300 mill. kr.

IKT

Omsetninga for 1. tertial er 101,2 mill. kr, ein auke på 7,3 prosent samanlikna med same periode i fjor. Driftsresultatet er 12,9 mill. kr.

Forretningsområdet IT har hatt ei god utvikling innanfor IT-avtalar og konsulenttenester. Dette har gitt omsetningsvekst innanfor forretningsområdet på 4,2 mill. kr samanlikna med 1. tertial 2023. Selskapet opplever ein aukande etterspurnad etter sky- og sikkerheitstenester.

Forretningsområdet kommunikasjon hadde ved utgangen av tertialet ein vekst i omsetninga på 2,5 mill. kr samanlikna med 1. tertial 2023. Hovudforklaringa til dette er meir sal av internett til bedrifter og hushaldningar. Så langt er det levert fiber til 15 820 hushald og 1 143 bedrifter.

Installasjon

Omsetninga for 1. tertial er 70,6 mill. kr, ein auke på 12,8 prosent samanlikna med i fjor. Driftsresultatet er 1,5 mill. kr (3,5).

Auken i omsetninga skuldast i hovudsak høgare aktivitet i prosjektmarknaden. Selskapet har god tilgang på serviceoppdrag både i privat- og næringsmarknaden. Basert på røynsler er resultatskapinga større i andre halvår enn i første, og det er forventa god aktivitet også mot slutten av året. Selskapet forventar å ha tilfredsstillande tilgang på arbeid i 2024.

Utsikter for 2024

Den gjennomsnittlige kraftprisen på NordPool per utgangen av 1. tertial har vore 58,6 øre/kWh, noko som er litt lågare enn på tilsvarande tid i fjor. Det er venta fallande prisar utover sommaren mot 25-30 øre/kWh, for så å stige i 3. tertial mot vinteren til 42 - 48 øre/kWh. Prisane observert i marknaden er svært usikre. Det har vore stor svinging i kraftprisane i år, med fleire periodar med negative prisar.

Det er forventa eit resultat for kraftproduksjonen som er litt lågare enn fjoråret. For nettverksemda er det forventa eit resultat på linje med i fjor. For dei andre forretningsområda er det i sum forventa resultat som er på linje med fjoråret. I sum for konsernet er det forventa eit resultat som er litt lågare enn i 2023.

Rekneskap Tussakonsernet

Tal i tusen kr

Resultat pr. 1. tertial	2024	2023
Salsinntekt	164 180	143 607
Energisal	226 900	190 873
Nettinntekt	198 317	142 915
Anna driftsinntekt	5 392	9 752
Sum driftsinntekter	594 790	487 148
Varekostnad	51 048	40 866
Energikjøp og overføringskostnad	90 756	64 525
Lønskostnad	111 265	91 648
Anna driftskostnad	64 978	62 854
Sum driftskostnad før avskrivningar	318 048	259 892
EBITDA	276 742	227 256
Avskrivning/nedskrivning	67 428	59 952
Driftsresultat	209 314	167 304
Netto finans	-44 208	-50 722
Resultat før skatt	165 105	116 582
Estimert skattekostnad	84 110	62 519
Resultat etter skatt	80 995	54 063

Balanse pr. 1. tertial	2024	2023
Anleggsmidler	4 442 446	3 976 318
Omløpsmidlar	476 726	354 391
Sum egedelar	4 919 172	4 330 709
Eigenkapital	1 861 841	1 453 020
Avsetning for forpliktingar	259 633	192 247
Langsiktig gjeld	2 351 488	2 186 449
Kortsiktig gjeld	446 210	498 993
Sum eigenkapital/gjeld	4 919 172	4 330 709

Resultat pr. 1. tertial	Omsetning		EBITDA		Driftsresultat		Resultat før skatt	
	2024	2023	2024	2023	2024	2023	2024	2023
Kraftproduksjon	231 380	193 107	153 421	121 009	135 240	105 207	116 064	69 161
Nett	199 845	153 335	88 274	72 338	65 486	52 986	43 234	38 570
IKT	101 226	94 363	34 836	33 433	12 863	11 989	7 716	8 020
Installasjon	70 638	62 602	3 239	4 683	1 540	3 472	925	2 987
Andre	13 745	12 483	-3 029	-4 208	-3 220	-4 400	-237	-206
Eliminering	-22 043	-28 742	-	-	-2 596	-1 950	-2 596	-1 950
Sum	594 790	487 147	276 742	227 256	209 314	167 304	165 105	116 582